

---

NOTAT 2013-1

---

# Økonomien i jordbruket på Vestlandet

Trender og økonomisk utvikling 2002-2011

---

ANASTASIA  
OLSEN

TORBJØRN  
HAUKÅS



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

# *NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar*

---

## **Kjem ut årleg:**

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

## **Resultat frå forskning og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:**

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettpublisering).

## **NILF gjev også ut:**

- «Merverdiavgiftsnøkkel for landbruket»
- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

## **NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:**

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:

*<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>*

---

NOTAT 2013-1

---

# Økonomien i jordbruket på Vestlandet

*Trender og økonomisk utvikling 2002-2011*

Anastasia Olsen

Torbjørn Haukås



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling
<b>Forfattarar</b>	Anastasia Olsen, Torbjørn Haukås
<b>Prosjekt</b>	Publisering av distriktstall (D223)
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgjevarstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2012
<b>Tal sider</b>	76
<b>ISBN</b>	978-82-7077-847-8
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	Vestlandet, utvikling, økonomi, resultat, distriktstall

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitik, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettneimnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktkontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som omfattar om lag 860 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneheld lokale data frå Vestlandet. I tillegg har vi valt å ta med resultat frå samdrifter i mjølkeproduksjonen. På grunn av at materialet for Vestlandet er lite til eigen analyse, presenterer vi resultat på landsbasis.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. For rekneskapsåret 2011 var det med 170 bruk frå Vestlandet i granskinga.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Anastasia Olsen og Torbjørn Haukås har skrive notatet, Heidi Knutsen har lese gjennom og komme nyttige kommentarar. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt dokumentet for publisering.

Oslo, januar 2013  
Ivar Pettersen



# Innhold

---

1	INNLEIING .....	1
2	DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2011 .....	3
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	7
3.1	Resultatmål i jordbruket .....	7
3.2	Skogbruket .....	11
3.3	Totaløkonomi .....	12
3.4	Nettoinvesteringar, gjeld og soliditet .....	13
3.5	Inntektsverknad av jordbruksfrådrag .....	15
4	SAMDRIFTER I MJØLKEPRODUKSJONEN .....	19
5	TABELLSAMLING 2007–2011 .....	23
	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGEN .....	75

## Figurar

Figur 2.1	Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2002–2011 .....	5
Figur 3.1	Driftsoverskot per bruk for heile landet og Vestlandet .....	7
Figur 3.2	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet .....	8
Figur 3.3	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet .....	8
Figur 3.4	Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, heile landet og Vestlandet .....	9
Figur 3.5	Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for driftsformene mjølk/gris, mjølk/storfekjøtt og mjølk/sau .....	9
Figur 3.6	Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for driftsformene frukt og sau .....	10
Figur 3.7	Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet .....	10
Figur 3.8	Lønsevne per time for ulike driftsformer på Vestlandet .....	11
Figur 3.9	Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet .....	11
Figur 3.10	Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet .....	12
Figur 3.11	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet .....	12
Figur 3.12	Nettoinvesteringar i jordbruket for heile landet og Vestlandet .....	13
Figur 3.13	Nettoinvesteringar for ulike driftsformer, Vestlandet .....	13
Figur 3.14	Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet .....	14
Figur 3.15	Eigenkapitalprosent for ulike driftsformer, Vestlandet .....	15
Figur 3.16	Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, Vestlandet og landet .....	17

## Tabellar

Tabell 2.1	Samla oversikt for 2011 .....	5
Tabell 3.1	Jordbruksfrådrag 2011, region.....	16
Tabell 3.2	Jordbruksfrådrag 2011, arealgrupper, Vestlandet.....	16
Tabell 3.3	Jordbruksfrådrag 2011, driftsformer, Vestlandet.....	16
Tabell 4.1	Samdrift med mjølkeproduksjon. Samanlikning av resultat for åra 2010 og 2011 .....	20
Tabell 4.2	Samdrifter med mjølkeproduksjon kontra store mjølkeproduksjonsbruk. Samanlikning av resultat for året 2011 .....	22

## Tabellsamling

Tabell 1	Landsdeltal, Vestlandet .....	24
Tabell 2	Fylkestal, Hordaland .....	27
Tabell 3	Fylkestal, Sogn og Fjordane .....	30
Tabell 4	Fylkestal, Møre og Romsdal .....	33
Tabell 5	Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer .....	36
Tabell 6	Vestlandet, storleiksgruppe II (50–99 daa), alle driftsformer .....	39
Tabell 7	Vestlandet, storleiksgruppe III (100–199 daa), alle driftsformer.....	42
Tabell 8	Vestlandet, storleiksgruppe IV ( 200–299 daa), alle driftsformer.....	45
Tabell 9	Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer .....	48
Tabell 10	Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon.....	51
Tabell 11	Vestlandet, driftsformer, sauehald .....	54
Tabell 12	Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin .....	57
Tabell 13	Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau .....	60
Tabell 14	Vestlandet, driftsformer, frukt.....	63
Tabell 15	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr.....	66
Tabell 16	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr .....	69
Tabell 17	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr.....	72



# 1 Innleiing

---

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)<sup>1</sup> ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvaltning. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk redusert. I 2011 var det i alt med 857 bruk i driftsgranskingane, dessutan leverte 36 samdrifter data til undersøkinga. Tal frå samdrifter blir handsama separat og er ikkje med i driftsgranskingsmaterialet. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Statens landbruksforvaltning. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kr. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert om lag 10 prosent av deltakarbruka skifta ut.

Av dei 857 bruka i driftsgranskingane i 2011, kom 170 bruk frå Vestlandet, 60 frå Hordaland, 58 frå Sogn og Fjordane og 52 frå Møre og Romsdal. Dette notatet tar for seg økonomien i landbruket på Vestlandet i 2011 og viser økonomiske utvikling dei siste 10 åra.

Kapittel to inneheld den årlege pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2011. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. I kapittel fire viser vi resultat frå samdrifter i mjølkeproduksjonen. Det er samdrifter med to eller fleire aktive medlemmer. Kapittel fem er sjølve tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionen. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

---

<sup>1</sup> NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjett-nemnda i jordbruket



## 2 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2011

---

### Hovudtendensar:

- **Auke i jordbruksinntekta for sauebøndene, elles små endringar for vestlandsbonden.**

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, på kr 213 700 i 2011. Det er om lag det same som året før. I gjennomsnitt for landet gjekk jordbruksinntekta ned med kr 4 800, til kr 222 600 per årsverk.

Jordbruksinntektene auka for bruka med sau frå 2010 til 2011, medan det vart ein liten nedgang i inntektene for mjølkeprodusentane. Også fruktprodusentane fekk nedgang i inntekta frå 2010 til 2011.

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig og representativt utval av 857 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 170 bruk frå Vestlandet; 60 i Hordaland, 58 i Sogn og Fjordane og 52 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i middel 232 dekar.

**Mjølkeproduksjon** har gjennom mange år vore basisen for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. For mjølkeprodusentane gjekk jordbruksinntekta ned med 1 prosent til 218 400 per årsverk frå 2010 til 2011. Produksjonsinntektene auka med knappe 5 prosent, medan kostnadane auka med 6 prosent. Arbeidsinnsatsen auka med 6 prosent frå 2010 og var på 1,9 årsverk à 1 845 timar.

Mjølkeproduksjonen var uendra på desse bruka, og mjølkeprisen auka med 6 øre per liter. På kostnadsida var det dei faste kostnadene som auka mest. Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 21 årskyr, dei omsette i gjennomsnitt 136 100 liter mjølk og 4 600 kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 286 dekar.

Bruka med kombinert **mjølkeproduksjon og sauehald** fekk auka jordbruksinntekta med 1 prosent frå 2010 til 2011, jordbruksinntekta per årsverk var kr 203 000. Mjølkeproduksjonen var uendra frå året før, medan kjøttproduksjonen på storfe auka med 15 prosent på desse bruka. For sauehaldet var det berre små endringar. Gruppa omfatta 20 bruk i 2012. Gjennomsnittleg jordbruksareal var 318 dekar. Bruka hadde 16 årskyr og 89 vinterfôra sauer. Arbeidsinnsatsen var på 2,2 årsverk, og var uendra frå 2010.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald fekk redusert jordbruksinntekta etter ein kraftig auke året før, men er framleis den driftsforma som har høgast jordbruksinntekt av bruka på Vestlandet. I gjennomsnitt for desse bruka gjekk jordbruksinntekta ned med 2,5 prosent til kr 257 500 per årsverk. Det var ein liten produksjonsauke både for produksjon av mjølk og svinekjøtt. I tillegg auka prisane på mjølk og kjøtt. Kostnadsvekst både for variable og faste kostnader og auka arbeidsinnsats førte likevel til reduksjon i inntekta per årsverk. Arbeidsinnsatsen auka med 140 timar og var på 2,3 årsverk. Driftsforma omfatta i 2011 12 bruk med eit produksjonsomfang på 20,1 årskyr, 23,1 purker, 599 salbare smågriser og 25 900 kg slaktegris.

Jordbruksinntekta til **sauebruka** på Vestlandet auka med 27 prosent frå 2010 til 2011. Desse bruka har hatt ein nedgang i jordbruksinntekta dei føregåande åra. I 2011 var jordbruksinntekta kr 147 200 i gjennomsnitt for sauebruka. Tal vinterfôra sauer auka frå 125 til 139 og omsett lammekjøt auka med 8 prosent til 2,7 tonn. Prisen på lammekjøt auka med kr 2,38 per kg. I alt auka produksjonsinntektene med 12 prosent, medan auken i kostnader var moderat, 6 prosent. Arbeidsforbruket var om lag uendra, 1,2 årsverk. Sjølv om jordbruksinntekta auka frå 2010 til 2011, er sauehald framleis den driftsforma som oppnår lågast jordbruksinntekt per årsverk på Vestlandet. I 2011 omfatta driftsforma 24 bruk med eit gjennomsnittleg areal på 191 dekar.

**Fruktbruka** på Vestlandet fekk redusert jordbruksinntekta med 10 prosent frå 2010 til 2011. Reduserte inntekter frå viktige produkt som eple og plommer, auka kostnader og auka arbeidsinnsats førte til at jordbruksinntekta gjekk ned til kr 228 800. Fruktaavl- ingane svingar mykje frå år til år, og jordbruksinntektene svingar meir frå år til år for denne driftsforma enn for andre driftsformer med husdyrhald. Det var 23 produsentar i denne gruppa.

Etter eit par år med høge nettoinvesteringar i jordbruket, var nettoinvesteringane på Vestlandet låge i 2011. I 2011 var nettoinvesteringane berre på kr 37 900. Samstundes har **samla gjeld** auka med kr 76 700 (5 %) på Vestlandet.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde same del av **fami- lien sine samla inntekter som lønsinntekt i 2011**, 41 prosent. Tilleggsnæring med utgangspunkt i bruket sine ressursar utgjorde 7 prosent. Resten av dei samla inntektene, er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

Maksimalt **jordbruksfrådrag** har vore uendra dei siste åra, kr 142 000. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2011 kr 239 400 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. Det er om lag det same som i 2010. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 25 700 per årsverk, kr 1 500 mindre enn for 2010. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.


Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 170 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

Tabell 2.1 Samla oversikt for 2011

	Tal		Driftsoverskot		Vederlag til arbeid		Skattekorrigert	
	bruk	Gj. areal dekar	per bruk		og egenkapital per årsverk		vederlag per årsverk	
	2011		2010	2011	2010	2011	2010	2011
Vestlandet, alle	170	232	307 300	318 500	212 400	213 700	239 600	239 400
Bruk < 50 dekar	8	34	232 200	215 600	200 300	184 400	228 100	201 500
« 50 - 100 dekar	23	72	241 000	219 900	229 500	225 300	258 400	250 600
« 100-200 dekar	53	157	257 900	296 600	211 600	215 100	242 100	243 000
« 200-300 dekar	39	241	313 900	287 100	200 600	190 000	226 500	215 700
« 300-500 dekar	38	372	366 200	389 300	201 000	216 000	225 200	241 800
> 500 daa	9	637	686 700	633 400	264 300	266 300	290 400	289 000
Mjølkeproduksjon	72	286	357 700	360 600	220 800	218 400	249 300	245 000
Mjølksauhold	20	318	371 100	363 800	200 400	203 000	224 200	227 500
Mjølksvinehold	12	236	533 600	536 600	264 800	257 900	291 600	281 300
Sauhold	24	191	109 000	143 400	116 200	147 200	141 000	173 700
Frukt m/sau	23	35	309 100	251 600	253 600	228 800	282 100	251 800
Mjølke Hordaland	15	253	349 700	350 900	216 000	216 300	245 800	244 300
Mjølke Sogn og Fjordane	20	219	309 300	313 800	222 000	212 900	249 000	239 200
Mjølke Møre og Romsdal	37	336	388 900	389 800	220 500	221 100	249 200	247 400

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på egenkapitalen



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2002–2011




## 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapitlet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 2002 til og med 2011. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einskildbruk gje utslag på resultatata. Bakgrunnsdata for figurane er deflaterte etter konsumprisindeksen, slik at alle resultatmåla er presenterte som 2011-kr. Definisjonar av dei ulike resultatmåla er teke inn heilt sist i notatet.


### 3.1 Resultatmål i jordbruket

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien, og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.


Utviklinga for Vestlandet har i hovudtrekk følgt same trenden som resten av landet i tiårsperioden, men fram til 2009 var nivået noko lågare enn landsgjennomsnittet. I 2009 nådd Vestlandsbruka same nivå som landsgjennomsnittet. I 2011 var driftsoverskot på Vestlandsbruka for første gang over landsgjennomsnittet.



Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk for heile landet og Vestlandet




Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

Jordbruksinntekta er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen. Gjennomsnittet for Vestlandet følgjer same utvikling som landet elles gjennom heile perioden, men ligg noko lågare enn landsgjennomsnittet.






Figur 3.4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, heile landet og Vestlandet




Figur 3.5 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformene mjølkg/gris, mjølkg/storfekjøt og mjølkg/sau




Figur 3.6 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformene frukt og sau

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering, og viser kva garden kan betale per innsett arbeidstime. Rentenivået har vore lågt dei siste tre åra, og kalkulasjonsrenta har lege på 3 prosent.




Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet



Figur 3.8 Lønsevne per time for ulike driftsformer på Vestlandet

## 3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På nokre få bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen er lågt gjennom heile perioden, men det har vore aukande dei siste åra.




Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

### 3.3 Totaløkonomi

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.



Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet




Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet


### 3.4 Nettoinvesteringar, gjeld og soliditet

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investerings-tilskot og verdien av selde egedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom perioden. I 2011 var nettoinvesteringar nesten tredje del av det som var året før. I snitt låg nettoinvesteringa per bruk langt under landsgjennomsnitt.




Figur 3.12 Nettoinvesteringar i jordbruket for heile landet og Vestlandet




Figur 3.13 Nettoinvesteringar for ulike driftsformer, Vestlandet

Gjeld er her all gjeld til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I 2011 auka samla gjeld på Vestlandet med kr 77 000 per bruk, og var i gjennomsnitt 1,7 mill. kr.



Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Den viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital. Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rentefoten på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I utrekning av eigenkapitalprosent er alle egedelar til brukarfamilien med.



Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for ulike driftsformer, Vestlandet

### 3.5 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og gradvis auka sidan da. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget er uendra dei siste fem åra. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2011 galdt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 54 200 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 54 200 og opp til kr 328 575 vart frådraget kr 54 200 pluss 32 prosent av all inntekt over kr 54 200. Maksimalt frådrag ein kan få, er kr 142 000, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 328 575. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert 28 prosent av jordbruksfrådraget.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, når ein reknar 33 prosent marginalsatt, varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Vi kjem fram til inntektsverknad per bruk ved å trekke ut 28 prosent av jordbruksfrådraget og dividere dette på 0,67. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruka i driftsgranskingane i 2011 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 108 400. For Vestlandet låg frådraget litt over det nivået, kr 111 500. Ein del av deltakarane har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt.

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta.

Nokre bønder vel lågare avskrivningar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Det gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 54 200 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 328 575.

Tabell 3.1 Jordbruksfrådrag 2011, region

Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årverk
Austlandet, flatbygder	185	74	28	94 500	26 500	30 500
Austlandet, andre bygder	133	41	14	95 500	26 700	27 000
Jæren	50	35	1	121 700	34 100	25 200
Agder/Rogaland, andre bygder	84	42	4	115 300	32 300	27 700
Vestlandet	170	77	9	111 500	31 200	25 800
Trøndelag flatbygder	64	34	2	113 700	31 800	32 000
Trøndelag, andre bygder	64	39	1	123 600	34 600	28 500
Nord-Noreg	107	63	3	119 100	33 300	29 200
Alle	857	405	62	108 400	30 300	28 000


Tabell 3.2 Jordbruksfrådrag 2011, arealgrupper, Vestlandet

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
< 50 daa	8	1	2	62 700	17 500	16 700
050-100 daa	23	9	2	101 100	28 300	25 300
100-200 daa	53	19	2	107 200	30 000	27 900
200-300 daa	39	16	2	114 400	32 000	25 800
300-500 daa	38	24	1	124 500	34 900	25 900
over 500 daa	9	8	0	139 400	39 000	22 800

Tabell 3.3 Jordbruksfrådrag 2011, driftsformer, Vestlandet

Driftsformer	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
Mjølkk	72	36	1	121 900	34 100	26 600
Mjølkk-svin	12	9	1	126 400	35 400	23 400
Mjølkk-sau	20	14	0	129 400	36 200	24 500
Sau	24	1	2	77 700	21 800	26 500
Frukt og bær	19	9	3	101 800	28 500	23 300





Figur 3.16 Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, Vestlandet og landet



## 4 Samdrifter i mjølkeproduksjonen

---

Samdrift vart ei meir vanleg form for organisering av norsk mjølkeproduksjon i det første tiåret på 2000-talet. Per desember 2008 var det i Noreg registrert 2 066 samdrifter.<sup>2</sup> Etter det har talet på samdrifter gått noko ned, slik at det per mars 2011 var 1 510. Grunnen til nedgangen er i hovudsak at det frå 2008 vart lovleg å leige bort mjølkekvoter. Ein del samdrifter som fram til da var proforma, vart oppløyste. På Vestlandet er det også starta opp mange samdrifter i mjølkeproduksjonen, og per mars 2011 var det registrert 359 samdrifter, ein nedgang på 26 prosent frå 2008. For 2011 har driftsgranskningane hatt med i alt 37 samdrifter på landsbasis, der to eller fleire av medlemmene i samdrifta er aktivt med i det daglege arbeidet. 30 av samdriftene har to medlemmer, medan sju av dei har tre medlemmer. Dei 37 samdriftene er skilde ut frå resten av driftsgranskingsmaterialet, og dei er ikkje tekne inn i hovudtabellane. Fordi økonomien til dei deltakande partnerane i samdrifta er så tett voven saman med økonomien til samdrifta, er det lite relevant å studere samdrifta isolert. Rekneskapen for samdrifta er derfor slegen saman med rekneskapane til dei aktive partnerane, slik at resultatata gjeld for heile verksemda under eitt. All jordbruksdrift på dei aktuelle eigedommane inngår. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk viser da eit gjennomsnitt for samdrifta og partnerane. Privatøkonomien for desse driftseiningane er ikkje publisert. Data for dei 37 samdriftene i 2011 er henta frå i alt 118 rekneskapar. Materialet for Vestlandet for lite til eigen presentasjon av resultat. Vi presenterer derfor data frå samdriftene på landsbasis.

Resultat for samdriftene er presenterte i tabell 2.19. Denne tabellen tek med berre dei samdriftene som ikkje hadde anna vesentleg produksjon enn mjølkeproduksjon og tilhørande kjøtproduksjon på storfe. Det vil i tilfellet vårt seie 34 av 37 samdrifter. Tabellen viser også resultat for samdrifter med mjølkeproduksjon i år 2010. Dermed kan vi peike på dei viktigaste utviklingstrekkane det siste året.

Av tabellen ser ein at storleiken på samdriftene har auka når det gjeld areal. Auken er på 37 dekar, samtidig som tal årskyr har auka frå 41,7 i 2010 til 43,0 i 2011. Mjølke per årsku har minka frå 7 787 kg i 2010 til 7 644 kg i 2011. Omsett mjølkemengd auka frå 297 597 liter til 300 412 liter, medan mjølkekvoten auka frå 304 887 liter til 321 702 liter. Tal arbeidstimar per årsku viser ein liten nedgang, frå 119 timar i 2010 til 116 timer i 2011.

Eigedelane har også hatt ein vesentleg verdiauke frå utgangen av 2010, da dei var verdsette til litt over 6,2 mill. kr. Da 2011 var slutt, hadde verdien auka til 6,5 mill. kr.

Produksjonsinntektene auka frå kr 2 734 200 i 2010 til kr 2 949 700 i 2011. I dei variable kostnadene til samdriftene registrerer vi ein auke frå kr 907 600 i 2010 til kr 1 018 100 i 2011. Kostnader til innkjøp av kraftfôr og anna fôr, handelsgjødsel og kalk og til innkjøp av dyr, auka mest. Dei faste kostnadene har også auka, av enkelt-postar er det vedlikehald, leigd arbeid og drivstoff som har auka mest. Dei faste kostnadene var kr 849 200 i 2011, mot kr 767 900 året før. Totale kostnader har dermed auka frå kr 1 958 100 i 2010 til kr 2 177 900 i 2011. Av driftsresultata ser vi at det har vore ei negativ utvikling siste året for samdriftene når det gjeld driftsoverskotet. Det minka med kr 4 300. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk minka frå kr 284 400 i 2010 til kr 281 400 i 2011. Dette er ein nedgang på 1 prosent. Tilsvarende for mjølkebruka elles i driftsgranskningane er ein auke på 1 prosent for 2011.

---

<sup>2</sup> Kjelde: Statens landbruksforvaltning.

Tabell 4.1 Samdrift med mjølkeproduksjon. Samanlikning av resultat for åra 2010 og 2011

*Dairy joint operations. Comparison of data from the years 2010 and 2011*

		2010	2011
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	34	34
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	629	666
Herav leigd	<i>Of which hired</i>	199	232
Eigedelar i jordbruket 31.12, kr	<i>Assets of agriculture on 31 December, NOK</i>	6 207 800	6 526 700
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	41,7	43,0
Mjølke per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	7 787	7 644
Kjøtt per årsku, kg	<i>Meat per cow, kg</i>	273	279
Omsett mjølk, liter	<i>Sold milk, litres</i>	297 597	300 412
Mjølkekvote, liter	<i>Milk quota, litres</i>	304 887	321 702
Mjølkepris, kr/liter	<i>Milk price, NOK/litre</i>	4,44	4,52
Pris på kjøtt, kr/kg	<i>Cow's meat price, NOK/kg</i>	35,46	37,46
Pris på anna storfekjøtt, kr/kg	<i>Beef price, NOK/kg</i>	43,10	45,00
Arbeidsinnsats i alt (jordbruket), timar	<i>Labour input (agriculture), hours</i>	4950	4972
Timar per årsku	<i>Hours per cow</i>	119	116
<b>Produksjonsinntekter, kr</b>	<b><i>Total output, NOK</i></b>		
Storfe:	<i>Cattle:</i>		
Mjølke	<i>Milk</i>	1 320 000	1 358 000
Kjøtt	<i>Cow's meat</i>	177 400	200 500
Anna storfekjøtt	<i>Beef</i>	314 100	321 400
Livdyr	<i>Livestock</i>	39 400	48 600
Inntekt frå husdyrprodukt i alt	<i>Output from animal products</i>	1 902 100	2 026 400
Inntekt frå planteprodukt i alt	<i>Output from crop products</i>	53 200	71 000
Tilskot	<i>Support</i>	725 200	785 000
Andre inntekter	<i>Other income</i>	60 000	74 100
Botnfrådrag	<i>Basic deduction</i>	-6 400	-6 800
Sum	<i>Total</i>	2 734 200	2 949 700
<b>Variable kostnader, kr</b>	<b><i>Variable costs, NOK</i></b>		
Såkkorn, anna såffrø og planter	<i>Cereal seeds and other seeds/plants</i>	15 100	22 400
Handelsgjødsel og kalk	<i>Fertilizer and lime</i>	73 000	95 400
Kraftfôr	<i>Feed concentrate</i>	522 700	567 500
Anna fôr	<i>Other fodder</i>	68 400	71 100
Konserveringsmiddel	<i>Preservatives</i>	16 700	21 800
Diverse til husdyrhaldet	<i>Veterinary costs etc.</i>	79 900	88 000
Kjøp av dyr	<i>Purchase of livestock</i>	62 600	79 400
Andre forbruksartiklar	<i>Other variable costs</i>	69 100	72 500
Sum	<i>Total</i>	907 600	1 018 100
<b>Faste kostnader, kr</b>	<b><i>Fixed costs, NOK</i></b>		
Leigd arbeid	<i>Hired labour</i>	113 900	126 400
Drivstoff	<i>Fuel</i>	48 500	62 700
Vedlikehald	<i>Maintenance</i>	192 700	230 900
Maskinleige og leasing	<i>Rented machinery</i>	135 800	140 500
Jordleige, kvoteleige, leige dr.bygn.	<i>Rented farmland</i>	49 700	53 300
Forsikringar	<i>Insurance</i>	50 800	53 700
Elektrisk kraft	<i>Electricity</i>	68 200	65 400
Administrasjon	<i>Administration</i>	108 200	116 100
Sum	<i>Total</i>	767 900	849 200
Avskrivningar i alt, kr	<i>Total depreciation, NOK</i>	282 600	310 600
Driftsoverskot, kr	<i>Net income, NOK</i>	776 100	771 800
Familiens arbeidsforteneste, kr	<i>Family labour income, NOK</i>	592 200	578 300
Lønsevne i alt, kr	<i>Capacity to pay, NOK</i>	706 100	704 700
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	142,64	141,74
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	258 100	255 000
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr	<i>Return on labour and own capital, NOK</i>	763 100	758 200
Vederlag til arbeid og e.k., kr per årsverk	<i>Return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	284 400	281 400
Eigenkapitalprosent	<i>Own capital, percentage</i>	48	49

I tabell 2.20 vert samdriftene samanlikna med ei gruppe store mjølkeproduksjonsbruk som er drivne av enkeltbrukarar. Driftsomfanget på desse har vore 43,0 årskyr, det same som i samdriftene. Omfanget av husdyrhaldet har da vore såpass likt at dette skulle vere ei god samanlikningsgruppe. Det viser seg at samdriftene har mykje større areal enn dei store mjølkebruka, 666 dekar mot 572 dekar. Dei store mjølkebruka har teke litt større avlingar enn samdriftene: 387 FEm per dekar, mot 356 FEm per dekar. Vi trur at noko av dette skuldast plasseringa til dei store mjølkebruka. Dei fleste ligg i flatbygdene medan samdriftene er meir spreidde over heile landet og har noko dårlegare naturgitte forhold.

Samla eigedelar i jordbruket hos samdriftene var 31. desember 2011 verd 6,5 mill. kr. På same tidspunkt var verdien av jordbrukseigedelane på dei store mjølkebruka 6,2 mill. kr.

Samdriftene har hatt større mjølkekvote enn dei store mjølkebruka. Dei store mjølkebruka har dessutan utnytta mjølkeknoten betre, med 94 prosent fyllingsgrad. På samdriftene vart 93 prosent av kvoten oppfylt. Arbeidseffektiviteten ser ut til å ha vore litt betre på dei store mjølkebruka enn i samdriftene. Tal arbeidstimar per årsku var 104 på dei store mjølkebruka, mot 116 i samdriftene.

Vi trur at skilnaden i timebruk kan ha samband med korleis ein del av samdriftene er organiserte, med mjølkekyr i eitt fjøs og ungdyr i eit anna. Ofte kan også dei enkelte fjøsa og arealet liggje langt frå kvarandre, noko som gir fleire arbeidstimar for samdriftene.

Samdriftene har produsert noko meir kjøt enn dei store mjølkebruka, 279 kg kontra 252 kg per årsku. Samla inntekt frå husdyrhaldet har vore kr 2 026 400 hos samdriftene og kr 1 817 500 hos dei store mjølkebruka.

Utbetalte tilskot har vore mykje større hos samdriftene enn hos dei store mjølkebruka, kr 785 000 mot kr 691 300. Ein stor del av skilnaden skuldast at mange av samdriftene ligg i soner med høgare satsar for tilskot enn det som er tilfelle for dei store mjølkebruka. Vi har allereie sett at samdriftene har klart større areal. Dette har slege ut i høgare utbetalingar av areal- og kulturlandskapstilskot.

Sum produksjonsinntekter har vore kr 2 949 700 hos samdriftene. Tilsvarende sum hos dei store mjølkebruka har vore kr 2 585 000.

Dei variable kostnadene har vore høgare hos samdriftene. Dette skuldast i stor grad høgare kjøtproduksjon. Innkjøp av forbruksartiklar i husdyrhaldet har også kome opp i større beløp hos samdriftene, det same gjeld utgifter til innkjøp av dyr. Dei har litt høgare faste kostnader enn dei store mjølkebruka, både dei store mjølkebruka og samdriftene har hatt auke i faste kostnader. Dei store mjølkebruka har større kostnader til maskinleige, leasing, jordleige og kvoteleige enn samdriftene, kr 235 000 mot kr 193 800. Samla faste kostnader for samdriftene har vore kr 849 200, mot kr 835 500 for dei store mjølkebruka. Med omsyn til avskrivningar har samdriftene auka noko, frå kr 282 600 i 2010 til kr 310 600 i 2011. Dei store mjølkebruka har også hatt ein auke, frå kr 240 100 til 270 800 for dei same åra.

Driftsoverskotet frå jordbruket hos samdriftene har vore kr 771 800, mot kr 612 300 hos dei store mjølkebruka. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk har vore kr 281 400 for samdriftene og kr 250 100 for dei store mjølkebruka.

Eigenkapitalprosenten har vore høvesvis 49 og 42.

Tabell 4.2 Samdrifter med mjølkeproduksjon kontra store mjølkeproduksjonsbruk. Samanlikning av resultat for året 2011

*Dairy joint operations versus large family dairy farms. Year 2011*

		Samdrifter	Store mjølkebruk
		<i>Dairy joint operations</i>	<i>Large family dairy farms</i>
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	34	47
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	666	572
Herav leigd	<i>Of which hired</i>	232	269
Eigedelar i jordbruket 31.12, kr	<i>Assets of agriculture on 31 December, NOK</i>	6 526 686	6 224 707
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	43,0	43,0
Mjøl per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	7 644	7 310
Kjøtt per årsku, kg	<i>Meat per cow, kg</i>	279	252
Omsett mjøl, liter	<i>Sold milk, litres</i>	300 412	283 567
Mjølkekvote, liter	<i>Milk quota, litres</i>	321 702	300 598
Mjølkepris, kr/liter	<i>Milk price, NOK/litre</i>	4,52	4,53
Pris på kukjøtt, kr/kg	<i>Cow's meat price, NOK/kg</i>	37,46	36,46
Pris på anna storfekjøtt, kr/kg	<i>Beef price, NOK/kg</i>	45,00	44,36
Arbeidsinnsats i alt (jordbruket), timar	<i>Labour input (agriculture), hours</i>	4 972	4 474
Timar per årsku	<i>Hours per cow</i>	116	104
<b>Produksjonsinntekter, kr</b>	<b><i>Total output, NOK</i></b>		
Storfe:	<i>Cattle:</i>		
Mjøl	<i>Milk</i>	1 358 000	1 285 900
Kukjøtt	<i>Cow's meat</i>	200 500	205 700
Anna storfekjøtt	<i>Beef</i>	321 400	284 200
Livdyr	<i>Livestock</i>	48 600	38 000
Inntekt frå husdyrprodukt i alt	<i>Output from animal products</i>	2 026 400	1 817 500
Inntekt frå planteprodukt i alt	<i>Output from crop products</i>	71 000	52 800
Tilskot	<i>Support</i>	785 000	691 300
Andre inntekter	<i>Other income</i>	74 100	27 000
Botnfrådrag	<i>Basic deduction</i>	-6 800	-3 600
Sum	<i>Total</i>	2 949 700	2 585 000
<b>Variable kostnader, kr</b>	<b><i>Variable costs, NOK</i></b>		
Så Korn, anna såfrø og planter	<i>Cereal seeds and other seeds/plants</i>	22 400	16 800
Handelsgjødsel og kalk	<i>Fertilizer and lime</i>	95 400	81 300
Kraftfôr	<i>Feed concentrate</i>	567 500	513 800
Anna fôr	<i>Other fodder</i>	71 100	59 400
Konserveringsmiddel	<i>Preservatives</i>	21 800	17 900
Kjøp av dyr	<i>Purchase of livestock</i>	79 400	46 100
Andre variable kostnader	<i>Other variable costs</i>	160 500	131 200
Sum variable kostnader	<i>Total</i>	1 018 100	866 400
<b>Faste kostnader, kr</b>	<b><i>Fixed costs, NOK</i></b>		
Leigd arbeid	<i>Hired labour</i>	126 400	146 700
Drivstoff	<i>Fuel</i>	62 700	56 300
Vedlikehald	<i>Maintenance</i>	230 900	213 100
Maskinleige, leasing, jord- og kvotelegie	<i>Rented machinery, rented farmland</i>	193 800	235 000
Andre faste kostnader	<i>Other fixed costs</i>	235 300	184 500
Sum faste kostnader	<i>Total</i>	849 200	835 500
Avskrivningar i alt, kr	<i>Total depreciation, NOK</i>	310 600	270 800
Driftsoverskot, kr	<i>Net income, NOK</i>	771 800	612 300
Familiens arbeidsforteneste, kr	<i>Family labour income, NOK</i>	578 300	428 600
Lønsevne i alt, kr	<i>Capacity to pay, NOK</i>	704 700	575 300
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	141,74	128,60
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	255 000	218 300
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr	<i>Return on labour and own capital, NOK</i>	758 200	606 400
Vederlag til arbeid og e.k., kr per årsverk	<i>Return on l. and own cap., NOK per m-y</i>	281 400	250 100
Eigenkapitalprosent	<i>Own capital, percentage</i>	49	42

## 5 Tabellsamling 2007–2011

---

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskningane for åra 2007–2011. Det er presentert tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Det er følgjande hovudtabellar:

1. Landsdelstal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–99 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–199 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–299 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, frukt
15. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr
16. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr
17. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr

Tabellane er delt inn i seks delar: a, b, c, d, e og f

Del a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar.

Del b: Nettoinvesteringar

Del c: Produksjonsinntekter per bruk

Del d: Kostnader per bruk

Del e: Resultatrekning

Del f: Balanse og arbeidskapital per 31.12.

**Tabell 1a Landsdelstal, Vestlandet**  
**Produksjonstekniske data og oppnådde priser**

År	2007	2008	2009	2010	2011
Tal bruk	168	164	162	163	170
Alder på brukar	47	47	47	48	49
<b>Arealfordeling og avling</b>					
Korn, daa	4,2	3,9	2,7	2,9	2,7
Grovfôr, daa	203,3	208,1	209,0	215,4	222,6
Frukt og bærareal, daa	4,3	5,5	5,6	6,0	6,3
Jordbruksareal, daa	212,2	218,0	217,8	224,6	232,3
- herav leigd areal, daa	80,4	86,3	84,2	94,0	87,9
Korn ialt, FEm pr daa	239	297	266	315	252
Grovfôr, FEm pr daa	332	342	338	317	319
Jordbruksareal, FEm pr daa	323	332	328	308	308
<b>Husdyrproduksjon</b>					
Tal årskyr	10,7	10,8	11,2	11,3	12,3
Kumjolk, liter omsett	66 092	67 853	71 263	73 725	79 500
Mjølkevote	66 236	71 724	74 259	77 498	86 903
Produsert mjolk pr årsku, kg	6 870	7 008	7 077	7 184	7 132
Storfekjøtt, kg omsett	2 664	2 890	2 979	3 072	3 248
Tal smågriskull	6	6	6	6	5
Svinekjøtt slaktegris, kg omsett	2 865	2 927	2 528	2 348	2 467
Tal vinterfôra sauer (vfs)	32	31	38	38	37
Kg kjøtt pr vfs	26	26	26	26	24
Ull, kg omsett pr vfs	4,6	4,5	4,5	4,4	4,2
Årsgeiter	2,5	2,5	3,3	2,9	3,1
Geitemjolk, liter omsett	1356	1492	2 082	1834	1701
Mjølkevote	1466	1516	2 118	2 093	2009
Produsert mjolk pr årsgeit, kg	608	709	751	736	666
<b>Arbeidsforbruk, timar</b>					
Brukar	1 983	2 013	2 021	1 993	2 053
Ektefelle	378	334	307	325	365
Barn under 17 år	24	25	24	16	21
Sum familie	2 384	2 373	2 351	2 334	2 439
Leigd arbeid	694	777	820	826	900
Sum timar i jordbruket	3 078	3 149	3 172	3 160	3 339
Sum timar i skogbruket	28	28	28	34	30
Familiens arbeid på nyanlegg	37	40	51	64	38
<b>Oppnådde priser</b>					
Bygg, kr pr kg	1,49	1,83	1,97	2,01	2,03
Havre, kr pr kg	1,45				4,07
Kumjolk, kr pr l	3,71	3,92	3,99	4,31	4,40
Kukjøtt, kr pr kg	30,74	33,27	35,26	34,95	36,93
Anna storfekjøtt, kr pr kg	36,77	39,59	41,65	41,51	44,36
Smågris for sal, kr pr stk.	807	857	796	816	876
Svinekjøtt slaktegris, kr pr kg	22,88	23,28	23,16	23,55	24,88
Sau- og lammekjøtt, kr pr kg	34,38	39,22	37,10	38,68	40,32
Ull, kr pr kg	32,68	32,09	28,18	26,41	29,33
Geitemjolk, kr pr l	4,22	4,62	4,73	5,27	5,82
Egg, kr pr kg	11,41	10,88	12,49	13,88	14,34

**Tabell 1b. Nettoinvesteringar**

År	2007	2008	2009	2010	2011
Jord, grøfter og vassanlegg	8 142	7 611	10 583	3 253	10 455
Driftsbygningar	11 238	42 024	59 859	49 575	8 549
Maskinar og reiskap	26 825	14 082	18 662	32 928	14 615
Mjølkevote (ku og geit)	2 452	13 141	7 879	4 764	4 194
Sum nettoinvesteringar	48 657	76 859	96 983	90 520	37 814

1) Inkl. nytta halmavling



**Tabell 1c Landsdelstal, Vestlandet**  
**Produksjonsinntekter per bruk**

År	2007	2008	2009	2010	2011
Korn	1 328	2 085	1 154	1 557	1 221
Frukt og andre planteprodukt	42 550	74 103	80 873	75 354	75 470
<b>Planteprodukt i alt</b>	<b>43 878</b>	<b>76 189</b>	<b>82 027</b>	<b>76 911</b>	<b>76 691</b>
Storfe, mjølk	245 222	265 799	284 511	317 489	349 605
Storfe, livdyr	12 569	13 594	16 744	13 772	19 279
Kuslakt	40 226	48 343	48 467	49 844	54 760
Anna storfeslakt	65 229	73 201	77 733	78 133	94 362
Smågris	22 420	23 912	20 444	23 731	24 086
Slaktegris	66 231	66 730	58 594	54 936	61 534
Avlsgris	7 995	9 163	7 020	5 827	5 415
Sauer, livdyr og slakt	32 988	36 871	37 755	42 162	39 080
Ull	4 884	4 279	4 763	4 197	4 399
Geiter, mjølk	5 730	6 884	9 845	9 666	9 899
Geiter, livdyr og slakt	317	88	913	660	916
Andre inntekter, husdyrhold	8 824	10 950	10 649	21 973	13 187
<b>Husdyrprodukt i alt</b>	<b>512 634</b>	<b>559 815</b>	<b>577 438</b>	<b>622 391</b>	<b>676 521</b>
Kulturlandskapsstilskot <sup>1)</sup>	40 096	39 461	37 877	37 969	39 265
Arealtilskot, grovfôr	30 040	30 851	32 758	32 684	36 129
Arealtilskot, korn	1 124	993	771	686	650
Produksjons tillegg, husdyr	68 641	70 995	81 888	86 451	91 337
Botnfrådrag	-5 286	-4 122	-3 154	-3 168	-3 143
Drifts-, grunn og distr.tilskot	91 723	104 855	112 418	130 113	140 166
Beite tilskot	12 974	14 651	17 644	24 086	28 105
Regionale miljøtilskot	5 270	6 415	8 959	7 840	10 274
Refunderte avløysarutgifter	38 395	43 097	48 572	49 478	55 008
Andre tilskot	10 440	12 717	8 738	13 352	20 136
<b>Tilskot i alt</b>	<b>293 418</b>	<b>319 912</b>	<b>346 471</b>	<b>379 491</b>	<b>417 927</b>
Leigeinntekt, traktor og reiskap	11 573	11 128	17 354	14 900	14 422
Andre inntekter	4 677	5 273	6 569	1 382	7 048
<b>Produksjonsinntekter i alt</b>	<b>866 180</b>	<b>972 316</b>	<b>1 029 859</b>	<b>1 095 470</b>	<b>1 192 610</b>

**Tabell 1d. Kostnader pr bruk**

År	2007	2008	2009	2010	2011
Kraftfôr	155 957	176 762	195 654	204 911	220 176
Anna førkostnader inkl. beiteleige	10 863	14 172	14 725	21 021	22 587
Såvarer	2 471	5 052	3 559	4 012	4 623
Handelsgjødsel og kalk	23 671	28 617	37 071	28 382	36 191
Plantevernmiddel	3 763	4 503	4 666	4 813	4 303
Konserveringsmiddel	5 237	5 881	7 136	6 567	6 769
Andre forbruksartiklar m.v.	44 637	47 715	50 357	53 968	60 105
Kjøp av dyr	26 224	30 449	31 280	30 768	40 408
<b>Sum variable kostnader</b>	<b>272 822</b>	<b>313 150</b>	<b>344 449</b>	<b>354 443</b>	<b>395 163</b>
Leigd arbeid	63 779	77 702	84 494	87 625	102 519
Drivstoff	15 155	19 951	18 181	20 452	23 907
Vedl.h. jord, vegar, grøfter og vassanl.	4 574	6 378	6 102	6 255	8 258
Vedl.h. driftsbygningar	23 429	22 757	24 656	31 941	32 970
Vedl.h. traktor og maskinar	38 034	39 842	41 094	44 300	54 408
Avskr. jord, vegar, grøfter og vassanl.	3 086	3 055	2 948	3 064	3 536
Avskr. driftsbygningar	42 710	47 558	52 044	56 546	58 038
Avskr. traktor og maskinar	35 222	37 232	40 765	43 861	47 584
Maskinleige	23 526	28 780	32 375	31 526	36 639
Leige av dyr og bygningar	7 061	8 994	8 793	7 794	8 809
Leige av kvote	181	358	919	2 378	2 701
Andre faste kostnader	70 296	83 839	85 665	97 989	99 287
<b>Sum faste kostnader</b>	<b>327 053</b>	<b>376 446</b>	<b>398 037</b>	<b>433 730</b>	<b>478 656</b>
<b>Kostnader i alt</b>	<b>599 875</b>	<b>689 596</b>	<b>742 486</b>	<b>788 172</b>	<b>873 819</b>

**Tabell 1e Landsdelstal, Vestlandet.**  
**Resultatregning**

År	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Resultatregning i jordbruket</b>					
Driftsoverskot	266 305	282 720	287 373	307 298	318 791
- Renter av jordbruksaktiva <sup>1)</sup>	75 146	96 930	53 691	57 188	60 554
Familiens arbeidsforteneste	191 159	185 790	233 682	250 110	258 237
Familiens arbeidsforteneste pr årsverk	132 908	129 609	164 301	177 235	175 249
Lønsevne	254 938	263 492	318 176	337 735	360 756
Lønsevne pr. time	82,82	83,66	100,32	106,87	108,05
Vederl. til arb. og egenkap. pr årsverk	181 763	187 880	196 531	212 320	213 895
Skattejustert vederlag per årsverk	205 781	214 326	222 696	239 554	239 647
<b>Rekneskapssamandrag</b>					
Driftsoverskot, jordbruk	266 305	282 720	287 373	307 298	318 791
Driftsoverskot, skogbruk	2 693	3 463	6 694	2 955	7 522
Driftsoverskot, tilleggsnæringar	22 243	27 610	47 987	44 342	54 510
Driftsoverskot, andre næringar	14 700	16 091	15 949	30 886	20 654
Løsinntekt	280 134	280 860	293 582	298 953	321 220
Pensjonar og sjukepengar	23 869	31 094	22 769	25 592	28 286
Gevinst/utbyte verdipapir	4 217	6 404	- 749	814	8 037
Familiens arbeid på nyanlegg	5 565	6 176	8 041	10 718	6 532
Renteinntekter	16 248	21 575	13 410	10 596	12 930
- Renteutgifter	47 526	72 406	60 561	54 821	60 191
- Kårutgifter	5 855	7 413	7 756	7 140	7 796
Nettoinntekt	582 592	596 175	626 739	670 192	710 494
Privatforbruk ekskl. skatt	367 844	393 636	401 928	422 303	476 224
Betalte skattar	132 394	138 295	146 438	166 566	175 598

**Tabell 1f. Balanse og arbeidskapital pr 31.12.**

År	2007	2008	2009	2010	2011
Kontantar og bankinnskot	426 329	512 619	508 323	539 871	540 146
